



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Oppnemning av setjestatsforvaltar - Austrheim - 166/1 - Vestre Sæverøyna - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Austrheim kommune datert 04.11.2021. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-8 for oppføring av flytebrygge.

Formannskapet gav i møte 26.08.2021, saknr. 087/21, dispensasjon for flytebrygge.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 22.09.2021.

Formannskapet handsama klaga i møte den 21.10.2021, i sak 100/21, og klaga vart ikkje teken til følge. Vi kan ikkje sjå at det er gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

Det er lagt ved nye bilde frå omsøkt område, men Statsforvaltaren kan ikkje sjå at dette endrar vår vurdering i saka. Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kjetil Alvestad                      Skagetjernvegen 57 5258 BLOMSTERDALEN



Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM